



Mineleggjaren Tyr vart til ferja Bjørn West. (Foto i Fjordabåten av Dag Bakka junior)

**Mineleggjaren Tyr, kjend frå krigshandlingane i Herøysundet/ Uskedalen, vert søkt om å bli verna.
KNM Tyr er bygd på Marienens hovudverft i Horten i 1887.
Fartyet var mobilisert i alle dei tre krisesituasjonane for landet vårt i nyare tid, - ved unionsoppløysinga i 1905, under 1. verdskrigen og i april dagane 1940.**

Tyr var bygd som kanonbåt, men ombygd til mineleggjar i 1913.
Fartyet er særleg kjend for mineleggjing i Lerøyosen
natt til 9. april 1940, noko som førte til at tre tyske skip vart seinka.
KNM Tyr saman med andre norske marinefarty kom straks til Herøysundet og Uskedalen som ein del av Hardanger Sjøforsvarsavsnitt.
Tyr låg ved Vågsnes i Storsund og blanda seg inn i kampene ved Ånuglo.

Etter krigen vart fartyet seld til private og ombygd til tungløfteskip.
Alt i 1949 vart Tyr på nytt ombygd til bilferje og fekk namnet M/F Bjørn West, oppkalla etter Milorgbasen i Matrefellet i Nordhordland.

Den gamle Tyr gjekk i ferjefarten fram til 1980.
På reise til Sogn før reiste vi ofte med bilferja Bjørn West
i sambandet Duesund - Sæveråsvåg.
Få visste den gongen at ferja var mineleggjaren Tyr og hadde ein viktig rolle i krigshandlingane i Uskedalen.

Fartyet har dei siste åra vore i opplag. I 2010 vart Tyr overteke av Opsangersvågen Veteranbåtlag for vern.

I ein eigen artikkel skal vi omtala den nye mineleggjaren Tyr som vart adoptert av Kvinnherad kommune.
Adopsjonen vart markert i Uskedalen ei jonsokafta på 1990-talet.

Av Kristian Olav Bringedal